

Fag- og timefordelinga i grunnopplæringa - Kunnskapsløftet

Innholdsliste

1.	Føresegner som gjeld heile grunnopplæringa	2
1.1	Fastsetjing av timetal	2
1.2	Omdisponering av inntil 25 prosent av timetalet i fag.....	2
1.3	Val av fag	2
2.	Grunnskolen.....	3
2.1	Ordinær fag- og timefordeling.....	3
2.2	Spesielle fag- og timefordelingar	4
2.2.1	Fag- og timefordeling for elevar som har samisk opplæring	4
2.2.2	Fag- og timefordeling for elevar med finsk som andrespråk	6
2.2.3	Fag- og timefordeling for elevar som har teiknspråk som førstespråk.....	7
3	Vidaregåande opplæring	8
3.1	Omgrep i Kunnskapsløftet.....	8
3.2	Tilbudsstruktur	8
3.3	Fag- og timefordeling og programfag i dei studieførebuande utdanningsprogramma	9
3.3.1	Felles føresegner	9
3.3.2	Utdanningsprogram for studiespesialisering	13
3.3.2.1	Programområda for realfag, språkfag, og samfunnsfag og økonomi	13
3.3.2.2	Programområdet for formgivingsfag	20
3.3.3	Utdanningsprogrammet for idrettsfag	24
3.3.4	Utdanningsprogrammet for musikk, dans og drama	27
3.4	Fag- og timefordeling og programfag i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma	33
3.4.1	Felles føresegner	33
3.4.2	Vg1 og Vg2 i skole.....	34
3.4.3	Vg3 i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.....	37
3.4.4	Vg3 påbygging til generell studiekompetanse for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.....	37
3.4.5	Studieførebuande Vg3 innanfor dei yrkesfaglege utdanningsprogramma for naturbruk og for medium og kommunikasjon.....	40

1. FØRESEGNER SOM GJELD HEILE GRUNNOPPLÆRINGA

1.1 Fastsetjing av timetal

Timetalet er fastsett som klokketimar for hovudtrinna i grunnskolen og for årstrinna i den vidaregåande opplæringa. Omrekninga til klokketimar frå 45- minuttstimar inneber ikkje endringar i omfanget av opplæringa (med unntak av nokre mindre tilpassingar).

1.2 Omdisponering av inntil 25 prosent av timetalet i fag

Skoleeigaren kan omdisponere inntil 25 prosent av det timetalet som er fastsett for det enkelte faget, når det er grunn til å anta at det kan føre til betre måloppnåing i faga samla sett for den enkelte eleven. Det er ein føresetnad at slik omdisponering av timar ikkje medfører avvik frå måla i læreplanane for fag, og det krev samtykke frå den enkelte eleven/læringsen/ føresette? Ved omdisponering av timar som inneber Kriteria og prosedyrane for spesialundervisning må følges dersom det er meininga å gjere avvik frå måla i læreplanen.

Både i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa må omdisponeringa innanfor 25 prosentramma ta utgangspunkt i den enkelte eleven og byggje på individuelt samtykke. Dette betyr at skoleeigaren ikkje kan omdisponere desse timane for alle skolar, alle elevar eller heile grupper.

Det er ein føresetnad for omdisponeringa at det er semje om at formålet er betre måloppnåing for eleven. Omdisponering er ikkje ein rett, og føreset eit administrativt vedtak, ikkje eit enkeltvedtak. Omdisponering skal inngåast gjennom ein skriftleg avtale, vanlegvis for eitt skoleår om gongen og med utgangspunkt i timetalet i faga på kvart årstrinn.

I særlege tilfelle kan ein i grunnskolen, på grunnlag av lokalt fastsett fordeling av timar på årstrinna, omdisponere innanfor dei nivåa det er fastsett kompetansemål for (etter 2., 4., 7. og 10. årstrinn) for den enkelte eleven.

Omdisponering av timar kan berre skje til fag med nasjonal læreplan (under dette læreplanar i Læreplanverket for Kunnskapsløftet – Samisk) eller til programfag til val på ungdomstrinnet der det er fastsett lokale læreplanar i samsvar med nasjonale retningslinjer.

1.3 Val av fag

Fleire stader i rundskrivet er det sagt at elevar kan velje fag. I tillegg til dei vilkår som er konkretiserte for kvart enkelt val, gjeld det at dei aller fleste vala må skje innanfor dei fagtilbod som skolane/skoleeigarane gir. Typiske eksempel på denne problemstillinga er val av framandspråk/språkleg fordjuping på ungdomstrinnet og val av programfag i vidaregåande opplæring.

2. GRUNNSKOLEN

2.1 Ordinær fag- og timefordeling

Fag- og timefordelinga i Tabell 1 gjeld for alle som ikkje skal ha spesiell fag- og timefordeling etter kap. 2.2.

Merknad: Føresegnene i teksten nedanfor gjeld, så langt ikkje noko anna er nemnt, også for elevar som skal ha ei spesiell fag- og timefordeling etter kap. 2.2.

Tabell 1: Ordinær fag- og timefordeling i grunnskolen

Fag	1.–7. trinn	8.–10. trinn	Sum, grunnskolen
KRL	427	157	584
Norsk	1296	398	1694
Matematikk	812	313	1125
Naturfag	328	256	584
Engelsk	328	227	555
Framandspråk/språkleg fordjuping	0	227	227
Samfunnsfag	385	256	641
Kunst og handverk	477	150	627
Musikk	285	85	370
Mat og helse	114	85	199
Kroppsøving	478	228	706
Elevrådsarbeid	0	71	71
Programfag til val	0	113	113
Sum	4 930	2 566	7 496

Generelt

Det er fastsett eit samla minstetimetall for hovudtrinna i grunnskolen som elevane har rett til, og som skoleeigarane har plikt til å gi. Timetalet i dei enkelte faga skal til saman minst vere lik det samla minstetimetallet.

For grunnskolen er timetalet fastsett for hovudtrinna, det vil seie for barnetrinnet (1.–7. årstrinn) og for ungdomstrinnet (8.–10. årstrinn). Innanfor hovudtrinnet fastset skoleeigaren fag- og timefordelinga på årstrinna. Det er ikkje høve til å flytte fag eller timar mellom hovudtrinna. Den enkelte skolen har fridom til å tilrettelegge undervisningseiningar innanfor det fastsette timetalet.

Framandspråk/språkleg fordjuping

Opplæringa skal følgje læreplanen i framandspråk eller ein av læreplanane for språkleg fordjuping i engelsk eller norsk, jf. rundskriv F-03-06 *Innføring av Kunnskapsløftet – om "Fremmedspråk"*.

- Som i faga elles fordeler skoleeigaren timane på årstrinn. Det følgjer av innføringstakta at opplæring i framandspråk/språkleg fordjuping skoleåret 2006/2007 berre gjeld for elevar ved skolar som har lagt timar i faget til 8. årstrinn.¹
- Elevar som følgjer læreplanen i samisk som førstespråk eller læreplanen i samisk som andrespråk, er unnatekne frå kravet om opplæring i framandspråk/språkleg fordjuping, jf. fag- og timefordelinga for opplæring i samisk. Elevar som har samisk opplæring, kan velje språkleg fordjuping i samisk.
- Elevar som følgjer læreplanen for finsk som andrespråk, læreplanen for teiknspråk eller som får opplæring etter opplæringslova § 2-8 *Om opplæring av elevar frå språklege minoritetar*, kan etter søknad få fritak frå opplæring og vurdering i framandspråk/språkleg fordjuping. Elevar som på dette grunnlaget får fritak, skal i dei timane som er fastsette for framandspråk/språkleg

¹ Elevar ved skolar som etter søknad innførte Kunnskapsløftet skoleåret 2005/2006, kan ha opplæring i framandspråk/språkleg fordjuping på 9. årstrinn.

fordjuping, ha forsterka opplæring i norsk, engelsk eller eit anna språk dei har eit grunnlag i. Skoleeigaren fastset kva språk eleven kan få forsterka opplæring i, og korleis tilbodet skal organiserast.

Programfag til val

Opplæringa skal følgje lokal læreplan fastsett i samsvar med føresetnadene i *Lokal utarbeiding av læreplaner i programfag til valg på ungdomstrinnet*, jf. *Læreplaner for Kunnskapsløftet*, *Midlertidig trykt utgave* – september 2005.

- Skoleeigaren er ansvarleg for å fordele timane på årstrinna.
- Reguleringa av omdisponeringa av inntil 25 prosent av timane i fag gjeld for programfag til val som for faga elles, jf. pkt. 1.2.
- I skoleåra 2006/2007 og 2007/2008 blir det som alternativ til programfag til val gitt høve til å føre vidare *skolens og elevenes valg* på ungdomstrinnet innanfor den fastsette timeramma for programfag til val. Programfag til val blir obligatorisk frå og med skoleåret 2008/2009.

Fag i vidaregåande opplæring

Stortinget har slutta seg til at skoleeigarar på ulike nivå kan samarbeide om å tilby elevar på ungdomstrinnet å ta fag i vidaregåande opplæring. Skoleåret 2006/2007 kan tilbod om å ta fag i vidaregåande berre givast dersom skoleeigaren på førehand har fått innvilga søknad om dette, jf. opplæringslova § 1-4 om forsøk.

- Elevar på ungdomstrinnet som skal begynne med fag i vidaregåande opplæring, må ha dokumentert kompetanse i det aktuelle faget på ungdomstrinnet i samsvar med kompetansemåla for faget, før dei begynner med faget i vidaregåande opplæring.
- Opplæring i fag i vidaregåande opplæring skal i tilfelle givast innanfor det fastsette timetalet i det aktuelle faget på ungdomstrinnet, eller givast som tilleggstimar.

Elevrådsarbeid

Opplæringa skal skje på ungdomstrinnet og følgje læreplanen for elevrådsarbeid.

Særskild opplæring i norsk for språklege minoritetar

Elevar som har rett til særskild opplæring i norsk, jf. opplæringslova § 2-8, skal få opplæring etter tilpassing av læreplanen for norsk eller opplæring etter læreplanen for norsk som andrespråk. Når elevane har oppnådd tilstrekkeleg kompetanse, skal dei følgje den ordinære læreplanen for norsk.

Morsmålsopplæring for språklege minoritetar

Elevar som har rett til morsmålsopplæring, jf. opplæringslova § 2-8, skal følgje læreplanen for morsmål. Opplæringa kjem i tillegg til den vanlege undervisningstida og skal givast innanfor ei lokalt fastsett timeramme.

2.2 Spesielle fag- og timefordelingar

2.2.1 Fag- og timefordeling for elevar som har samisk opplæring

jf. opplæringslova § 6-2, § 6-4 andre ledd

Tabell 2: Fag- og timefordeling for elevar som har samisk opplæring

Fag	Alternativ 1			Alternativ 2		
	Utan framandspråk/språkleg fordjuping			Med framandspråk/språkleg fordjuping		
	1.-7.trinn	8.-10.trinn	Sum	1.-7.trinn	8.-10.trinn	Sum
KRL	427	157	584	427	157	584
Førstespråk: samisk/norsk	916	335	1251	916	278	1194
Andrespråk: norsk/samisk	570	279	849	570	222	792
Matematikk	812	313	1125	812	313	1125
Naturfag	328	256	584	328	256	584

Engelsk	328	227	555	328	227	555
Framandspråk/ språkleg fordjuping	0	0	0	0	227	227
Samfunnsfag	385	256	641	385	256	641
Duodji	477	161	638	477	161	638
Musikk	285	85	370	285	85	370
Mat og helse	114	85	199	114	85	199
Kroppsoving	478	228	706	478	228	706
Elevrådsarbeid	0	71	71	0	71	71
Programfag til val	0	113	113	0	113	113
Sum	5 120	2 566	7 686	5 120	2 679	7 799

Generelt

For å sikre eit tilstrekkeleg timetal i første- og andrespråket er det totale timetalet for elevar som vel samisk som første- eller andrespråk, høgare enn i den ordinære fag- og timefordelinga, jf. kap. 2.1. Elevar som følgjer alternativ 1, får 190 timar meir, og elevar som følgjer alternativ 2, får 303 timar meir enn etter den ordinære fag- og timefordelinga

Felles føresegner for opplæring innanfor samiske distrikt

I samiske distrikt skal opplæringa for alle følgje *Læreplanverket for Kunnskapsløftet – Samisk*.

- Fag- og timefordelinga i tabell 2 gjeld for alle elevar som har opplæring i og på samisk.
- Fag- og timefordelinga i tabell 1 gjeld for elevar som ikkje har opplæring i samisk første- eller andrespråk. Desse elevane skal ha opplæring i duodji innanfor den timeramma som gjeld for kunst og handverk.
- Fag- og timefordelinga i tabell 3 gjeld for elevar som har opplæring i finsk som andrespråk. Desse elevane skal ha opplæring i duodji innanfor den timeramma som gjeld for kunst og handverk.
- Kommunar i samiske distrikt kan gi pålegg om opplæring i samisk, jf. opplæringslova § 6-2 fjerde ledd. Kommunar kan likevel ikkje påleggje elevane opplæring i samisk som første- eller andrespråk (alternativ 1 eller 2). Eit eventuelt pålegg må ha kommunalt fastsette planar for opplæringa og tilleggstimar for dei elevane det gjeld som føresetnad.

Føresegner for opplæring i samisk utanfor samiske distrikt

For elevar som har opplæring i samisk, skal opplæringa i faga samisk første- eller andrespråk og i norsk for elevar med samisk som førstespråk følgje læreplanane i *Læreplanverket for Kunnskapsløftet – Samisk*, jf tabell 2

- Opplæringa i alle andre fag skal følgje læreplanane i *Læreplanverket for Kunnskapsløftet*, jf tabell 1.
- Elevar som har opplæring i samisk første- eller andrespråk, kan bli fritekne frå opplæring i andre fag med inntil 76 timar på barnetrinnet. Slikt fritak har som føresetnad at måla i læreplanane ikkje blir fråvikne, og det krev samtykke frå den enkelte elev/føresette.

Føresegner for opplæring på samisk utanfor samiske distrikt

For elevar som har opplæring på samisk, skal opplæringa følgje *Læreplanverket for Kunnskapsløftet – Samisk*.

- Fag- og timefordelinga i tabell 2 gjeld, med det unntaket som er nemnt i neste kulepunkt, for alle elevar som har opplæring i samisk som første- eller andrespråk.
- Elevar som har opplæring i samisk første- eller andrespråk, kan bli fritekne frå opplæring i andre fag med inntil 76 timar på barnetrinnet. Slikt fritak har som føresetnad at måla i læreplanane ikkje blir fråvikne, og det krev samtykke frå den enkelte eleven/ føresette.

Samisk

Elevar med opplæring i samisk følgjer anten læreplan i samisk som førstespråk eller samisk som andrespråk. Elevar som følgjer læreplan i samisk som andrespråk, må velgje alternativ 1 eller 2.

Norsk

Elevar med opplæring i samisk andrespråk følgjer den ordinære læreplanen for norsk, med fritak frå opplæring og vurdering i norsk sidemål. Elevar som har opplæring i samisk førstespråk, følgjer læreplanen for norsk for elevar med samisk som førstespråk, jf. forskrifta til opplæringslova kap. 1.

Samisk og norsk som førstespråk

Elevar kan få opplæring i både samisk og norsk som førstespråk innanfor den samla timeramma som er fastsett for første- og andrespråk, dersom dei ønskjer det. Skoleeigaren fastset korleis det samla timetalet skal fordelast på dei to førstespråka, og korleis tilbodet skal organiserast.

Framandspråk/språkleg fordjuping

- Elevar som får opplæring etter læreplanar for samisk som første- eller andrespråk, er unnatekne frå kravet om opplæring i framandspråk/språkleg fordjuping, jf. Forskrift til opplæringslova og rundskriv F-03-06 *Innføring av Kunnskapsløftet – om ”Fremmedspråk”*, jf. også Alternativ I i tabell 2.
- Elevar som får opplæring etter læreplanane for samisk som første- eller andrespråk, har likevel rett til opplæring i framandspråk/språkleg fordjuping dersom dei ønskjer det. For desse elevane skal timetalet i kvart av faga norsk og samisk som første- eller andrespråk reduserast med 57 timar (i alt 114 timar). 113 timer skal givast som tilleggstimar, jf. Alternativ II i tabell 2.
- Elevar som vel opplæring i framandspråk/språkleg fordjuping, skal ha opplæring etter læreplanen for framandspråk eller læreplanane for fordjuping i norsk, engelsk eller samisk.

2.2.2 Fag- og timefordeling for elevar med finsk som andrespråk jf. opplæringslova § 2–7

Tabell 3: Fag- og timefordeling i grunnskolen for elevar med finsk som andrespråk

Fag	1.–7. trinn	8.–10. trinn	Sum grunnskolen
KRL	427	157	584
Norsk	846	258	1104
Finsk som andrespråk	564	172	736
Matematikk	812	313	1125
Naturfag	328	256	584
Engelsk	328	227	555
Framandspråk/språkleg fordjuping	0	227	227
Samfunnsfag	385	256	641
Kunst og handverk	477	150	627
Musikk	285	85	370
Mat og helse	114	85	199
Kroppøving	478	217	695
Elevrådsarbeid	0	50	50
Programfag til val	0	113	113
Sum	5 044	2 566	7 610

Generelt

For å sikre eit tilstrekkeleg timetal i første- og andrespråket er det totale timetalet for elevar som vel finsk som andrespråk, i alt 114 timar (jf. tabell 3) høgare enn i den ordinære fag- og timefordelinga (jf. tabell 1). Timetalet i faga elles er det same med unntak av kroppøving og elevrådsarbeid, der det er noko lågare.

Finsk

Opplæringa følgjer læreplanen for finsk som andrespråk.

Norsk

Elevane følgjer læreplanen for norsk med fritak frå opplæring og vurdering i norsk sidemål, jf. forskrifta til opplæringslova.

Framandspråk/språkleg fordjuping

Elevar som får opplæring etter læreplanen for finsk som andrespråk, kan etter søknad få fritak frå opplæring og vurdering i framandspråk eller språkleg fordjuping. I dei timane som er fastsette for framandspråk/språkleg fordjuping, skal elevar som er innvilga fritak, ha forsterka opplæring i norsk, engelsk eller finsk. Skoleeigaren fastset kva språk eleven kan få forsterka opplæring i, og korleis tilbodet skal organiserast, jf. forskrifta til opplæringslova og rundskriv F-03-06 *Innføring av Kunnskapsløftet – om "Fremmedspråk". – om "Fremmedspråk"*.

2.2.3 *Fag- og timefordeling for elevar som har teiknspråk som førstespråk*
jf. opplæringslova § 2-6

Tabell 4: Fag- og timefordeling i grunnskolen for elevar som har teiknspråk som førstespråk

Fag	1.-7. trinn	8.-10. trinn	Sum grunnskolen
KRL	427	157	584
Norsk og Norsk teiknspråk	2059	678	2737
Matematikk	812	313	1125
Naturfag	328	256	584
Engelsk	328	227	555
Framandspråk/språkleg fordjuping	0	227	227
Samfunnsfag	385	256	641
Kunst og handverk	477	150	627
Drama og rytmikk / Musikk	285	85	370
Mat og helse	114	85	199
Kroppsøving	478	228	706
Elevrådsarbeid	0	71	71
Programfag til val	0	113	113
Sum	5 693	2 846	8 539

Generelt

Elevar som får opplæring etter læreplanen for norsk teiknspråk som førstespråk, skal i andre fag enn norsk og norsk teiknspråk ha same timetal som hørande elevar. I norsk og norsk teiknspråk er det fastsett eit felles timetal som skal fordelast på lokalt nivå med utgangspunkt i læreplanane for desse faga.

Ei best mogleg samla måloppnåing for den enkelte eleven skal leggjast til grunn for den lokale fordelinga av timane mellom norsk og norsk teiknspråk. Det er ein føresetnad at måla i læreplanane for norsk og norsk teiknspråk ikkje blir fråvikne. Den enkelte eleven og dei føresette må samtykkje i fordelinga.

Elevane skal ha opplæring etter dei ordinære læreplanane i alle fag, men har i faga teiknspråk, norsk, engelsk og musikk rett til opplæring i samsvar med

- *Læreplan for norsk teiknspråk*
- *Læreplan for norsk for døve og sterkt tunghørte* med fritak frå vurdering i norsk sidemål²
- *Læreplan for engelsk for døve og sterkt tunghørte*

² Læreplanen i norsk for døve og sterkt tunghørte har ikkje kompetansemål i sidemål.

- *Læreplan for drama og rytmikk for døve og sterkt tunghørte (erstatter musikk)*

Framandspråk/språkleg fordjuping

Elevar som får opplæring etter læreplanen for norsk teiknspråk, kan etter søknad få fritak frå opplæring og vurdering i framandspråk/språkleg fordjuping. I dei timane som er fastsette for framandspråk/språkleg fordjuping, skal elevar som har fått fritak, ha forsterka opplæring i norsk, engelsk eller teiknspråk. Skoleeigaren fastset kva språk eleven skal få forsterka opplæring i, og korleis tilbodet skal organiserast, jf. forskrifta til opplæringslova kap. 1 og rundskriv F-03-06 *Innføring av Kunnskapsløftet – om ”Fremmedspråk”.– om ”Fremmedspråk” i kursiv?*

3 VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

3.1 Omgrep i Kunnskapsløftet

Med Kunnskapsløftet blir desse nye omgrepa innførte:

- | | |
|------------------------------|---|
| • utdanningsprogram | tidlegare kalla studieretning |
| • vidaregåande trinn 1 (Vg1) | tidlegare kalla grunnkurs (GK) |
| • vidaregåande trinn 2 (Vg2) | tidlegare kalla vidaregåande kurs I (VKI) |
| • vidaregåande trinn 3 (Vg3) | tidlegare kalla vidaregåande kurs II (VKII) |
| • programområde | tidlegare kalla kurs |
| • fellesfag | tidlegare kalla felles allmenne fag |
| • programfag | tidlegare kalla studieretningsfag |
| • felles programfag | |
| • valfrie programfag | |
| • prosjekt til fordjuping | |

3.2 Tilbudsstruktur

I opplæringslova § 3-1 heiter det: *Den vidaregåande opplæringa skal føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller kompetanse på lågare nivå.* ”Lågare nivå” betyr i denne samanheng all opplæring som ikkje resulterer i full studie- eller yrkeskompetanse. Den vidaregåande opplæringa er organisert i studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram.

Det er 3 studieførebuande utdanningsprogram

- utdanningsprogram for studiespesialisering
- utdanningsprogram for idrettsfag
- utdanningsprogram for musikk, dans og drama.

Det er 9 yrkesfaglege utdanningsprogram

- utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk
- utdanningsprogram for design og handverk
- utdanningsprogram for elektrofag
- utdanningsprogram for helse- og sosialfag
- utdanningsprogram for medium og kommunikasjon
- utdanningsprogram for naturbruk
- utdanningsprogram for restaurant- og matfag
- utdanningsprogram for service og samferdsel
- utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon

Opplæringa i skole skal omfatte vidaregåande trinn 1 (Vg1), vidaregåande trinn 2 (Vg2) og vidaregåande trinn 3 (Vg3). Kvart trinn skal normalt ha ei lengd på eitt skoleår.

Fagopplæringa omfattar normalt to års opplæring i skole (Vg1 og Vg2) og eitt års opplæring (Vg3) i bedrift. Vanlegvis blir opplæringstida i bedrift omtalt som læretid. Når opplæring i bedrift blir kombinert med verdiskaping i bedrifta, kan denne delen av opplæringa strekkje seg over to år. Fylkeskommunen kan i det enkelte tilfellet godkjenne lærekontrakt/opplæringskontrakt som fastset at heile opplæringa, eller ein større del av opplæringa enn det som følgjer av læreplanen, skal skje i bedrift. Dersom fylkeskommunen ikkje kan formidle opplæring i bedrift til dei som ønskjer slik opplæring, må også bedriftsdelen av opplæringa skje i skole.

Departementet kan gi forskrifter om avvik frå opplæringsordninga innan fagopplæringa for særskilde, små fag, for fag med særskilt store krav til teori, for fag med særskilde sertifiseringskrav, for lærlingar og lærekandidatar som ikkje fell inn under § 3-1 i opplæringslova, og for lærlingar og lærekandidatar med særskilde behov. Departementet gir forskrifter om kva fag som skal ha læretid i bedrift.

Føresegnene om inntak til utdanningsprogram og programområde er gitt i kapittel 6 i forskrifta til opplæringslova.

Vedlegg 2 viser den fastsette inndelinga av utdanningsprogramma i årstrinn og programområde for Vg1 og Vg2 for alle utdanningsprogram og for Vg3 i dei studieførebuande utdanningsprogramma. Nokre Vg2 har, i tillegg til inntak frå Vg1 i eige utdanningsprogram, også inntak frå Vg1 i andre utdanningsprogram (kryssløp). Kva for kryssløp som er fastsett, framgår av vedlegg 2. Vedlegget inneheld også ein førebels struktur for Vg3 i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Struktura i Vg3 i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma vil bli fastsett hausten 2006.

For å få skrive ut dokumentasjon på studie- eller yrkeskompetanse må ein ha fullført og bestått eitt av dei treårige løpa i vedlegg 2, med dei krav til fagsamansetjing og timeomfang som det er gjort greie for nedanfor.

Alle timetal i teksten og i tabellane er minstetimetale for elevane, dvs. timetal som skoleeigaren må oppfylle. Skoleeigarar som ønskjer det, står likevel fritt til å tilby fleire timar. Nærmare føresegner om vurdering og dokumentasjon (kompetansebevis, vitnemål, fag- og sveinebrev) er fastsette i kapittel 4 i forskrifta til opplæringslova.

3.3 Fag- og timefordeling og programfag i dei studieførebuande utdanningsprogramma

3.3.1 Felles føresegner

Hovudføresegnene knytte til innhald og omfang i dei studieførebuande utdanningsprogramma går fram av kapittel 3 i opplæringslova og kapittel 1 i forskrifta til opplæringslova. Den nærmare inndelinga i fag og føresegner om krav til fellesfag og programfag følgjer nedanfor. Nedanfor er det også gjort greie for dei eigne føresegnene som gjeld for

- elevar som i samsvar med § 6-3 i opplæringslova har rett til opplæring i samisk
- elevar som i samsvar med § 3-9 i opplæringslova har rett til opplæring i teiknspråk

Fellesfag

Første og andrespråk – norsk, samisk, finsk og norsk teiknspråk

Opplæringa i førstespråket skal følgje læreplanen for fellesfaget norsk om ikkje anna er bestemt nedanfor. I kapittel 1 i forskrifta til opplæringslova er det fastsett kven som er unnateken frå

opplæring i norsk sidemål, og i kapittel 4 er det fastsett kven som er fritaken frå *vurdering* i norsk sidemål.

- *Norsk og samisk*

For elevar som har rett til opplæring i samisk i samsvar med § 6-3 i opplæringslova, er det utarbeidd egne læreplanar for første- og andrespråk. Læreplanen for samisk andrespråk har dessutan to alternativ: samisk 2 og samisk 3.

- Opplæring i samisk førstespråk skal kombinerast med opplæring i norsk etter den egne læreplanen for norsk for elevar med samisk som førstespråk. Elevar som ønskjer det, kan likevel få opplæring etter den ordinære læreplanen for norsk, men da med rett til fritak frå opplæring og vurdering i norsk sidemål.
- Opplæring i samisk andrespråk skal kombinerast med opplæring i norsk etter den ordinære læreplanen for norsk, men med rett til fritak frå opplæring og vurdering i norsk sidemål.

Sjå elles eige oppsett for samisk fag- og timefordeling i tabellane 5, 9, 11 og 13.

- *Norsk og finsk som andrespråk*

Det er utarbeidd ein eigen læreplan for finsk som andrespråk. Opplæring i finsk som andrespråk skal kombinerast med opplæring i norsk etter den ordinære læreplanen for norsk, men med rett til fritak frå opplæring og vurdering i norsk sidemål.

- *Norsk teiknspråk og norsk for døve og sterkt tunghørte*

For elevar som har rett til opplæring i norsk teiknspråk i samsvar med § 3-9 i opplæringslova, er det utarbeidd egne læreplanar for norsk teiknspråk og norsk for døve og sterkt tunghørte.

Normalt skal opplæringa etter læreplanen for norsk teiknspråk kombinerast med opplæring etter læreplanen for norsk for døve og sterkt tunghørte, men elevar som ønskjer det, kan få opplæring etter den ordinære læreplanen for norsk, men med fritak frå opplæring og vurdering i norsk sidemål. Sjå elles eiga fag- og timefordeling for døve og sterkt tunghørte i tabellane 5, 9, 11 og 13.

- *Norsk som andrespråk for språklege minoritetar*

Elever med anna morsmål enn samisk og norsk kan få opplæring etter læreplanen for norsk som andrespråk for språklege minoritetar når dei ikkje har tilstrekkelege kunnskapar til å følgje opplæringa etter den ordinære læreplanen for norsk. Når elevane har oppnådd tilstrekkeleg kompetanse, skal dei få opplæring etter den ordinære læreplanen for norsk.

Engelsk

Opplæringa skal følgje læreplanen for fellesfaget engelsk. For elevar som har rett til opplæring i/på teiknspråk i samsvar med § 3-9 i opplæringslova, er det utarbeidd ein eigen læreplan for engelsk.

Framandspråk

Opplæringa skal følgje læreplanen for fellesfaget framandspråk. I grunnskolen blir dei nye reglane for framandspråk gradvis innført frå og med hausten 2006. Sjå pkt 3 *Overgang fra ungdomstrinnet til vidaregåande opplæring* i rundskriv F-03-06 om føresegner for overgangen i samband med denne gradvise innføringstakten.

- *Privatistordning*

Det er etablert ei privatistordning i ei lang rekkje språk som det ikkje blir gitt opplæring i. Elevar som ønskjer det, kan i staden for å delta i opplæringa i framandspråk, oppfylle kravet om framandspråk ved å ta eksamen som privatist i eitt av desse språka.

- *Unntak*

Forskrifta til opplæringslova fastset i kapittel 1 kven som er unnateken frå kravet om framandspråk. Dette gjeld elevar som får opplæring etter læreplanar for

- samisk som første- eller andrespråk
- finsk som andrespråk
- norsk teiknspråk

Elevar som har opplæring etter éin av desse læreplanane, men som likevel ønskjer framandspråk, må ta dette utanfor timeramma.

- *Med framandspråk i grunnskolen*

Elevar som har hatt nivå I i eit framandspråk i grunnskolen og fortsett med opplæring i det same språket, skal ha opplæring i læreplanen nivå II. Elevar som har hatt nivå I i eit framandspråk i grunnskolen, men tar til med eit nytt framandspråk i vidaregåande opplæring, skal i vidaregåande ha opplæring i læreplanens nivå I i det nye framandspråket.

- *Utan framandspråk i grunnskolen*

Elevar som *ikkje* er unnatekne frå kravet om framandspråk, og som *ikkje* har hatt opplæring i andre framandspråk enn engelsk i grunnskolen, skal begynne med eitt framandspråk i tillegg til engelsk i vidaregåande opplæring. Desse elevane skal i tillegg til 113 timar i Vg1 og 112 timar i Vg2 ha 140 timar i det valde framandspråket i Vg3. Timetalet til val av programfag i Vg3 blir redusert tilsvarande.

Sjå elles rundskriv F-03-06 og eigne kolonnar i tabellane 5, 9, 11 og 13.

Matematikk

Opplæringa skal følgje læreplanen for fellesfaget matematikk. Denne læreplanen har to alternativ: matematikk P (praktisk retta) og matematikk T (teoretisk retta).

- *Overgang mellom matematikk P og matematikk T*

Elevar som har hatt opplæring i 140 timar i fellesfaget *matematikk T* i Vg1, kan i samråd med skolen avslutte med 84 timar i fellesfaget *matematikk P* i Vg2. Avsluttande standpunktvurdering og eksamen i Vg2 skal i dette tilfellet omfatte heile fellesfaget *matematikk P* på 224 timar. Det tilsvarande gjeld ved overgang frå fellesfaget *matematikk P* 140 timar i Vg1 til *matematikk T* 84 timar i Vg2. Overgang frå T til P og frå P til T har som føresetnad at eleven har nødvendig fagleg grunnlag for å følgje opplæringa i Vg2.

- *Matematikk som fellesfag og programfag*

Elevar som vel minst 140 timar *programfag* i matematikk i Vg2, skal få redusert timekravet i *fellesfaget* i Vg1 + Vg2 frå 224 timar til 140 timar. Desse elevane skal i staden ha minst 84 timar i eit anna fag frå programområdet for realfag. Dette faget kan anten vere eit spesielt programfag på 84 timar utarbeidd for dette formålet i matematikk, geofag, teknologi og forskingslære, eller eit ordinært programfag innanfor realfag på 140 timar, sjå tabell 6 i programområdet for realfag, med tilhørande kommentarar. Elevar som ikkje tek programfaget matematikk i Vg2, må ta heile fellesfaget matematikk (140 timar + 84 timar) i løpet av Vg1 og Vg2. Dette gjeld sjølv om dei skulle ønskje å ta programfaget matematikk først i Vg3, eller ta matematikk programfag seinare.

Naturfag, samfunnsfag, geografi, religion og etikk, historie, kroppsøving
Opplæringa i desse fellesfaga skal følgje dei fastsette læreplanane.

Andre føresegner

Tilrettelagt treårig løp for elevar frå språklege minoritetar

Elevar frå språklege minoritetar kan få høve til å bruke inntil 280 timar til styrking av den ordinære opplæringa i norsk og engelsk. Desse timane kjem i staden for 280 timar som i den ordinære fag- og timefordelinga skal brukast til val av programfag i dei studieførebuande utdanningsprogramma. Timetalet til styrkt opplæring i norsk og engelsk kan fordelast over tre år.

Vilkåret for at ein elev kan få høve til slik omdisponering av timar frå timar til val av programfag, er at eleven ved inntaket fylte dei generelle vilkåra for inntak til vidaregåande opplæring i forskrifta til opplæringslova § 3-1, og at eleven i tillegg har

- mangelfull norsk grunnskoleopplæring på grunn av berre få års opphald i landet før inntak til vidaregåande opplæring
- ein språk- og kulturbakgrunn som er fjern frå den norske og som medfører behov for særleg tilrettelegging ut frå dette
- realistisk føresetnad for å kunne ta vidaregåande opplæring og oppnå studiekompetanse på tre år ut frå denne tilrettelegginga

Den styrkte opplæringa i norsk og engelsk skal ikkje vurderast med eigen karakter. Reglar for føring av kompetansebevis og vitnemål blir fastsette seinare.

I tillegg kan desse elevane, dersom det er aktuelt,

- nytte den privatistordninga det er gjort greie for ovanfor for fellesfaget framandspråk
- få opplæring i norsk etter læreplanen for norsk som andrespråk for språklege minoritetar

Godkjenning av opplæring i utlandet tilsvarande Vg1 og/eller Vg2 i Noreg

Eitt, eventuelt to års opplæring i utlandet kan godkjennast som likeverdig med Vg1 og/eller Vg2 i studieførebuande utdanningsprogram. Føresetnaden for dette er

- at eleven kan vise formell dokumentasjon på å ha følgd alle fag i eitt fullt eller to fulle skoleår i utlandet, og at han/ho ville ha blitt teken inn eller flytt opp til neste trinn i vedkommande lands skolesystem
- at eleven kan vise formell dokumentasjon på at opplæringa i utlandet er gjennomført på eit fagnivå tilsvarande Vg1 og/eller Vg2. Eleven må dessutan, ved tilbakevending til Noreg, ha det nødvendige faglege grunnlaget for å følgje opplæringa på det årstrinnet han/ho vender tilbake til
- at innhaldet i opplæringa har hovudvekt på allmenne fag (general studies) for å kunne godkjennast som likeverdig med Vg1 i eitt av dei studieførebuande utdanningsprogramma
- at innhaldet i opplæringa har hovudvekt på allmenne fag for å kunne godkjennast som likeverdig med Vg2 i utdanningsprogrammet for studiespesialisering. I tillegg må opplæringa innehalde minst to fag som eleven kan bygge vidare på i Vg3, slik at han/ho kan tilfredsstille kravet om programfag i det valde programområdet

- at innhaldet i opplæringa har ein kombinasjon av allmenne fag og høvesvis idrettsfag, musikk, dans eller drama for å kunne godkjennast som likeverdig med Vg2 innan programområda for idrettsfag, musikk, dans eller drama.

Eitt års opplæring i utlandet gir ikkje fritak for meir enn eitt års opplæring i Kunnskapsløftet. Eleven må følgje opplæringa i alle fag på neste årstrinn ved tilbakevending til Noreg.

Det blir ikkje gitt godkjenning for opplæring i utlandet tilsvarande Vg3 i Noreg. Ein elev som ønskjer å ta opplæring tilsvarande Vg3 i utlandet, må få eventuell dokumentasjon på fullført og bestått opplæring derfrå.

Ein elev som får godkjent eitt eller to års opplæring i utlandet, treng ikkje ta norske fag som han/ho skulle hatt som heiltidselev etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet, sjølv om innhaldet i desse faga ikkje inngår i fagkretsen i utlandet. Men eleven må dokumentere bestått likeverdig eller meir omfattande opplæring i dei faga som inngår i minimumskrava til generell studiekompetanse. Dersom dette siste kravet ikkje er oppfylt, må desse faga takast som elev eller privatist i Noreg for at vitnemål kan utferdast.

Kven som godkjenner eitt eller to års opplæring i utlandet, er fastsett i kapittel 1 i forskrifta til opplæringslova.

Ein elev som ikkje tilfredsstillar krava til godkjenning av eitt heilt år i utlandet, kan etter heimkoma i staden få fritak for enkeltfag etter føresegnene i kapittel 1 i forskrifta til opplæringslova, dersom han/ho kan dokumentere bestått likeverdig eller meir omfattande opplæring i faget/faga.

3.3.2 *Utdanningsprogram for studiespesialisering*

Elevar som blir tekne inn til Vg1 i utdanningsprogram for studiespesialisering, kan ordinært ha to forskjellige timeomfang i Vg1

- 842 timar. Faga samfunnsfag og geografi er lagde til Vg1 (sjå kolonne 1 i tabell 5)
- 982 timar, av desse 140 timar i formgivingsfag og 140 timar til val av programfag frå studieførebuande utdanningsprogram. Faga samfunnsfag og geografi er lagde til Vg1 (sjå kolonne 2 i tabell 5)

Etter fullført Vg1 har elevane rett til inntak til eitt av programområda i Vg2, uavhengig av kva for eit av dei nemnde timeomfanga dei har hatt i Vg1. Kravet til timetal og samansetjing av fag over tre år er tilpassa til den fag- og timefordelinga elevane har hatt i Vg1.

Utdanningsprogram for studiespesialisering er inndelt i fire programområde i Vg2 og Vg3

- programområde for realfag
- programområde for språkfag
- programområde for samfunnsfag og økonomi
- programområde for formgivingsfag

3.3.2.1 *Programområda for realfag, språkfag, og samfunnsfag og økonomi*

Elevane skal ordinært ha totalt 2 523 timar over tre år. Det går fram av fag- og timefordelinga i tabell 5 korleis desse timane skal fordelast. Det er ein føresetnad at opplæringa på kvart årstrinn blir organisert i fellesfag og programfag, slik det er fastsett i tabell 5 og i den enkelte læreplanen. Faga

kan ikkje delast opp i einingar av anna omfang enn det som er beskrive i læreplanane som fellesfag og programfageiningar.

I tabell 5 er det, i tillegg til dei kolonnane som viser ordinær fag- og timefordeling (kolonne 1, 5, 9 og 14), egne kolonnar for elevar som

- har 982 timar inklusive formgiving i Vg1, og er tekne inn til programområde for realfag, språkfag eller samfunnsfag og økonomi i Vg2 og Vg3 (kolonne 2, 6, 11 og 16)
- ikkje har hatt framandspråk i grunnskolen (kolonne 10 og 15)
- har samisk som første- eller andrespråk (kolonne 3, 7, 12 og 17)
- har norsk teiknspråk og norsk for døve og sterkt tunghørte (kolonne 4, 8, 13 og 18)

Tabell 5: Fag- og timefordeling i utd.program for studiespesialisering: programomr. for realfag, språkfag, og samfunnsfag og økonomi

Kolonne nr.: →	Omfang i timar																	
	Vg1				Vg2				Vg3				Totalt over 3 år					
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18
	Ordinær	Med formgiv. Vg1	Samisk	Døve/tunghørte	Ordinær	Med formgiv. Vg1	Samisk	Døve/tunghørte	Ordinær	Utan fr.språk gr.skole	Med formgiv. Vg1	Samisk	Døve/tunghørte	Ordinær	Utan fr.språk gr.skole	Med formgiv. Vg1	Samisk	Døve/tunghørte
Religion og etikk									84	84	84	84	84	84	84	84	84	84
Norsk	113	113			112	112			168	168	168			393	393	393		
Førstespråk samisk/norsk 1			103				103					103					309	
Andrespråk norsk/samisk/finsk 1			103				103					103					309	
Norsk for døve/sterkt tunghørte 1				113				112					168					393
Norsk teiknspråk 1				75				75					75					225
Matematikk 1	140	140	140	140	84	84	84	84						224	224	224	224	224
Naturfag	140	140	140	140										140	140	140	140	140
Engelsk	140	140	140	140										140	140	140	140	140
Framandspråk 1	113	113			112	112				140				225	365	225		
Samfunnsfag	84		84	84		84								84	84	84	84	84
Geografi	56		56	56		56								56	56	56	56	56
Historie					56	56	56	56	113	113	113	113	113	169	169	169	169	169
Kroppsøving	56	56	56	56	56	56	56	56	56	56	56	56	56	168	168	168	168	168
Sum fellesfag	842	702	822	804	420	560	402	383	421	561	421	459	496	1683	1823	1683	1683	1683
Programfag frå eige programområde					280	280	280	280	280	280	280	280	280	560	560	560	560	560
Felles programfag frå Vg1 formgivingsfag		140														140		
Programfag frå studieførebuande utdanningsprogram		140			140		140	140	140		140	140	140	280	140	280	280	280
Totalt omfang	842	982	822	804	840	840	822	803	841	841	841	879	916	2523	2523	2663	2523	2523

1 Sjå den nærmare beskrivinga av desse faga under pkt. 3.3.1.

Krav til fagsamansetting

Fellesfag

Elevane i programområda for realfag, språkfag, og samfunnsfag og økonomi skal på kvart årstrinn ha opplæring i dei faga som er sette opp i fag- og timefordelinga i tabell 5 under fellesfag, dvs. ordinært totalt 1 683 timar over tre år. I det ordinære løpet innanfor dette programområdet er samfunnsfag og geografi lagde til Vg1.

Programfag

Elevane i programområda for realfag, språkfag, og samfunnsfag og økonomi skal ordinært i løpet av tre år ha 840 timar programfag.

- *Programfag frå eige programområde*
560 av dei 840 timane ovanfor skal nyttast til programfag frå eige programområde. Elevane skal ha *to* ulike programfag à 280 timar, der kvart programfag omfattar *to* programfageiningar à 140 timar. Det er gjort greie for nokre spesielle reglar for matematikk og framandspråk nedanfor. Kva for programfag som inngår i kvart av programområda, går fram av tabellane 6, 7 og 8.
- *Programfag frå studieførebuande utdanningsprogram*
280 av dei 840 timane ovanfor skal nyttast til programfag som finst anten i eige programområde eller i somme av dei andre programområda innanfor dei tre studieførebuande utdanningsprogramma, dvs. utdanningsprogramma for studiespesialisering, idrettsfag eller musikk, dans og drama. Elevane skal ha *to* programfageiningar à 140 timar.

Tilpassa ordningar

- *Utan framandspråk i grunnskolen*
Elevar som ikkje har hatt andre framandspråk enn engelsk i grunnskolen, skal bruke 140 timar til fellesfaget framandspråk i Vg3. Av denne grunn får desse elevane innanfor den samla timeramma i Vg3 ikkje plass til 140 timar til val av programfag. Til saman skal desse elevane ha 1 823 timar fellesfag, 560 timar programfag og 140 timar til val av programfag frå studieførebuande utdanningsprogram, totalt 2 523 timar over tre år. Sjå tabell 5 (kolonne 15).
- *Med 982 timar og formgivingsfag i Vg1*
Elevar som har hatt 982 timar og formgivingsfag i Vg1, skal i Vg2 ha samfunnsfag og geografi. Desse timane kjem i staden for 140 timar som i den ordinære fag- og timefordelinga skal brukast til val av programfag. Til saman skal desse elevane ha 1 683 timar fellesfag, 560 timar programfag frå eige programområde, 140 timar felles programfag og 280 timar til val av programfag frå studieførebuande utdanningsprogram, totalt 2 663 timar over tre år, jf. tabell 5 (kolonne 16). Elevar som ikkje har hatt framandspråk i grunnskolen, skal bruke 140 timar til fellesfaget framandspråk i Vg3. Av denne grunn får desse elevane innanfor den samla timeramma i Vg3 ikkje plass til 140 timar til val av programfag.

Programfag som inngår i det enkelte programområdet

Programfag i programområdet for realfag

Tabell 6 viser kva for programfag som inngår i programområdet for realfag. Kwart programfag består av to eller fleire programfageiningar.

Tabell 6 Programfag i programområdet for realfag

Programfag	Programfageiningar	Timar
Matematikk		
	Matematikk X (endeleg namn ikkje fastsett)	84
	Matematikk R1	140
	Matematikk R2 (byggjer på matematikk R1)	140
	Matematikk S1	140
	Matematikk S2 (byggjer på matematikk S1)	140
Kjemi		
	Kjemi 1	140
	Kjemi 2 (byggjer på kjemi 1)	140
Fysikk		
	Fysikk 1	140
	Fysikk 2 (byggjer på fysikk 1)	140
Biologi		
	Biologi 1	140
	Biologi 2	140
Informasjonsteknologi		
	Informasjonsteknologi 1	140
	Informasjonsteknologi 2	140
Geofag		
	Geofag X (endeleg namn ikkje fastsett)	84
	Geofag 1	140
	Geofag 2	140
Teknologi og forskingslære		
	Teknologi og forskingslære X (endeleg namn ikkje fastsett)	84
	Teknologi og forskingslære 1	140
	Teknologi og forskingslære 2	140

Matematikk S (for samfunnsfag) og R (for realfag)

Det er *ikkje* høve til å kombinere programfaget matematikk S1 med programfaget matematikk R2 eller matematikk R1 med matematikk S2. Det er heller ikkje høve til å føre både matematikk S og matematikk R på same vitnemål eller kompetansebevis.

Matematikk som fellesfag og programfag

Sjå det som står under pkt. 3.2.1 om reduksjon i *fellesfaget* matematikk frå 224 timar til 140 timar for elevar som vel minst 140 timar i *programfaget* matematikk i Vg2. Desse elevane må i staden i Vg2 ta minst 84 timar i eit anna programfag frå programområdet for realfag. Dette kan anten vere ei av dei spesielle programfageiningane på 84 timar (fagnamn merkte X i tabell 6) utarbeidde for dette formålet i matematikk, geofag eller teknologi og forskingslære, eller eit ordinært programfag innanfor realfag på 140 timar. Geofag X, og teknologi og forskingslære X vil innehalde somme av dei same kompetansemåla som dei respektive ordinære programfageiningane på 140 timar. Det vil derfor ikkje vere høve til å føre X-varianten i desse to faga på same vitnemål eller kompetansebevis som dei ordinære 140 timars programfageiningane. Matematikk X er ei sjølvstendig programfageining og inneheld ikkje kompetansemål frå dei ordinære programfageiningane i matematikk. X-varianten kan derfor stå på same vitnemål og kompetansebevis som ordinære programfag i matematikk.

Eksempel på godkjende fagsamansetjingar knytte til matematikk fellesfag med 140 timar

- programfaga matematikk og kjemi, kvart på 140 + 140 timar, og geofag X 84 timar
- programfaga matematikk og geofag, kvart på 140 + 140 timar og programfaget teknologi og forskingslære på 140 timar
- programfaga matematikk og fysikk, kvart på 140 + 140 timar, og kjemi 140 timar

Elevar frå andre programområde enn realfag, eventuelt andre utdanningsprogram, som vel *programfaget* matematikk ved inntak til Vg2, og som dermed får redusert timetal i *fellesfaget* matematikk til 140 timar, skal i staden ha ei anna programfageining på minimum 84 timar frå programområdet for realfag (matematikk X, geofag X eller teknologi og forskingslære X). Dei kan alternativt velje ei programfageining på 140 timar frå programområdet for realfag. Desse timane kjem i tillegg til dei timane dei elles kan velje frå andre programområde innan de studieførebuande utdanningsprogramma.

Programfag i programområdet for språkfag

Tabell 7 viser kva for programfag som inngår i programområdet for språkfag. Kvart programfag består av fleire programfageiningar.

Tabell 7 Programfag i programområdet for språkfag

Programfag	Programfageiningar	Timar
Engelsk		
	Internasjonal engelsk	140
	Samfunnsfagleg engelsk (byggjer på internasjonal engelsk)	140
	Engelskspråkleg litteratur og kultur (byggjer på internasjonal engelsk)	140
Framandspråk		
	Framandspråk I	140
	Framandspråk II (byggjer på framandspråk I)	140
	Framandspråk III (byggjer på framandspråk II)	140

Antikkens språk og kultur		
	Antikkens kultur	140
	Latin 1	140
	Latin 2 (byggjer på latin 1)	140
	Gresk 1	140
	Gresk 2 (byggjer på gresk 1)	140
Kommunikasjon og kultur		
	Kommunikasjon og kultur 1	140
	Kommunikasjon og kultur 2 (byggjer på kommunikasjon og kultur 1)	140
	Kommunikasjon og kultur 3 (byggjer på kommunikasjon og kultur 1)	140

Programfag i fleire framandspråk

To ulike framandspråk blir rekna som to ulike programfag.

Programfag og fellesfag i framandspråk

Elevar som i tillegg til fellesfaget framandspråk II tek 140 timar framandspråk III som programfag innanfor det same språket, får godkjent dei 140 timane på nivå III som eitt av dei to programfaga innanfor eige programområde. I tillegg til programfaget framandspråk III og det andre programfaget på 280 timar, må desse elevane også ta ei programfageining innanfor programområdet for språkfag med omfanget 140 timar. Til saman blir dette 560 timar over tre år innanfor eige programområde.

Eksempel på godkjende fagsamansetjingar er

- programfaget fransk III med 140 timar som påbygging på *fellesfaget* fransk II pluss programfag engelsk med 140 + 140 timar pluss kommunikasjon og kultur 1 med 140 timar
- programfaget fransk III, med 140 timar som påbygging på *fellesfaget* fransk II pluss kommunikasjon og kultur 1, 2 og 3 med 140 + 140 + 140 timar

Programfag i programområdet for samfunnsfag og økonomi

Tabell 8 viser kva for programfag som inngår i programområdet for samfunnsfag og økonomi. Kwart programfag består av to eller fleire programfageiningar.

Tabell 8 Programfag i programområdet for samfunnsfag og økonomi

Programfag	Programfageiningar	Timar
Historie og filosofi		
	Historie og filosofi 1	140
	Historie og filosofi 2 (byggjer på historie og filosofi 1)	140

Næringslivsøkonomi		
	Næringslivsøkonomi 1	140
	Næringslivsøkonomi 2 (byggjer på næringslivsøkonomi 1)	140
	Næringslivsøkonomi 3 (byggjer på næringslivsøkonomi 1)	140
Samfunnsøkonomi		
	Samfunnsøkonomi 1	140
	Samfunnsøkonomi 2 (byggjer på samfunnsøkonomi 1)	140
Marknadsføring, strategi og leiing		
	Marknadsføring og leiing 1	140
	Marknadsføring og leiing 2 (byggjer på marknadsføring og leiing 1)	140
Politikk, individ og samfunn		
	Sosialkunnskap	140
	Samfunnsgeografi	140
	Sosiologi og sosialantropologi	140
	Politikk og menneskerettar	140
Rettslære		
	Rettslære 1	140
	Rettslære 2	140
Medie- og informasjonkunnskap		
	Medie- og informasjonkunnskap 1	140
	Medie- og informasjonkunnskap 2 (byggjer på medie- og informasjonkunnskap 1)	140

Matematikk som fellesfag og programfag til val

Sjå om matematikk under pkt 3.2.1 om reduksjon i *fellesfaget* matematikk frå 224 timar til 140 timar for elevar som vel minst 140 timar i *programfaget* matematikk. Desse elevane må i staden ta 84 timar i eit anna programfag frå programområdet for realfag. Dette kan anten vere ei av dei spesielle programfageiningane på 84 timar utarbeidde for dette formålet i matematikk, geofag eller teknologi og forskingslære (sjå fagnamna med X i tabell 6) eller ei programfageining på 140 timar frå programområdet for realfag. Desse timane kjem i tillegg til dei timane dei elles kan velje frå andre programområde innan de studieførebuande utdanningsprogramma.

Eksempel på godkjende fagsamansetjingar knytte til matematikk fellesfag med 140 timar

- programfaga næringslivsøkonomi og samfunnsøkonomi, kvart på 140 + 140 timar matematikk S1 140 timar, geofag X 84 timar og internasjonal engelsk 140 timar
- programfaga næringslivsøkonomi og samfunnsøkonomi, kvart på 140 + 140 timar matematikk S1 og S2 på 140 + 140 timar og informasjonsteknologi 1 på 140 timar

3.3.2.2 Programområdet for formgivingsfag

Elevane skal ordinært ha totalt 2 943 timar over tre år. Det går fram av fag- og timefordelinga i tabell 9 korleis desse timane skal fordelast. Det er ein føresetnad at opplæringa på kvart årstrinn blir organisert i fellesfag og programfag slik det er fastsett i tabell 9 og i den enkelte læreplanen. Faga kan ikkje delast opp i einingar av anna omfang enn det som er beskrive i læreplanane som fellesfag og programfageiningar.

I tabell 9 er det i tillegg til dei kolonnane som viser ordinær fag- og timefordeling (kolonne 1, 5, 9 og 14), egne kolonnar for elevar som

- har 842 timar inklusive samfunnsfag og geografi, men ikkje formgivingsfag i Vg1, og er tekne inn til programområde for formgivingsfag i Vg2 og Vg3 (kolonne 2, 6, 10 og 15)
- ikkje har hatt framandspråk i grunnskolen (kolonne 11 og 16)
- har samisk som første- eller andrespråk (kolonne 3, 7, 12 og 17)
- har norsk teiknspråk og norsk for døve og sterkt tunghørte (kolonne 4, 8, 13 og 18)

Tabell 9 Fag- og timefordeling i utdanningsprogrammet for studiespesialisering, programområdet for formgivingsfag

Kolonne nr.: →	Omfang i timar																	
	Vg1				Vg2				Vg3					Totalt over 3 år				
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18
	Ordinær	Utan formgiv. Vg1	Samisk	Døve/tunghørt	Ordinær	Utan formgiv. Vg1	Samisk	Døve/tunghørt	Ordinær	Utan formgiv. Vg1	Utan fr.språk gr.skole	Samisk	Døve/tunghørt	Ordinær	Utan formgiv. Vg1	Utan fr.språk gr.skole	Samisk	Døve/tunghørt
Religion og etikk									84	84	84	84	84	84	84	84	84	84
Norsk	113	113			112	112			168	168	168			393	393	393		
Førstespråk samisk/norsk 1			103				103					103					309	
Andrespråk norsk/samisk/finsk 1			103				103					103					309	
Norsk for døve og sterkt tunghørte 1				113				112					168					393
Norsk teiknspråk 1				75				75					75					225
Matematikk 1	140	140	140	140	84	84	84	84						224	224	224	224	224
Naturfag	140	140	140	140										140	140	140	140	140
Engelsk	140	140	140	140										140	140	140	140	140
Framandspråk 1	113	113			112	112					140			225	225	365		
Samfunnsfag		84			84		84	84						84	84	84	84	84
Geografi		56			56		56	56						56	56	56	56	56
Historie					56	56	56	56	113	113	113	113	113	169	169	169	169	169
Kroppsøving	56	56	56	56	56	56	56	56	56	56	56	56	56	168	168	168	168	168
Sum fellesfag	702	842	682	664	560	420	542	523	421	421	561	459	496	1683	1683	1823	1683	1683
Felles programfag frå eige programområde	140		140	140	280	420	280	280	420	420	420	420	420	840	840	840	840	840
Programfag frå studieførebuande utdanningsprogram	140		140	140	140	140	140	140	140	140		140	140	420	280	280	420	420
Totalt omfang	982	842	962	944	980	980	962	943	981	981	981	1019	1056	2943	2803	2943	2943	2943

1 Sjå den nærmare beskrivinga av desse faga under pkt. 3.3.1.

Krav til fagsamansetjing

Fellesfag

Elevane i programområdet for formgivingsfag skal på kvart årstrinn ha opplæring i dei faga som er sette opp i fag- og timefordelinga i tabell 9 under fellesfag, dvs. ordinært totalt 1 683 timar over tre år. I det ordinære løpet innanfor dette programområdet er samfunnsfag og geografi lagde til Vg2.

Programfag

Elevane i programområdet for formgivingsfag skal i løpet av tre år ha 1 260 timar programfag.

- *Felles programfag frå eige programområde*
840 av dei 1 260 timane ovanfor skal nyttast til felles programfag frå eige programområde. Dei felles programfaga går fram av tabell 10.
- *Programfag frå studieførebuande utdanningsprogram*
420 av dei 1 260 timane ovanfor skal nyttast til programfag som finst anten i eige programområde (jf. tabell 10) eller i somme av dei andre programområda innanfor dei tre studieførebuande utdanningsprogramma, dvs. utdanningsprogramma for studiespesialisering, idrettsfag eller musikk, dans og drama. Elevane skal ha *tre* programfageiningar à 140 timar.

Tilpassa ordningar

- *Utan framandspråk i grunnskolen*
Elevar som ikkje har hatt andre framandspråk enn engelsk i grunnskolen, skal bruke 140 timar til fellesfaget framandspråk i Vg3. Av denne grunn får desse elevane innanfor den samla timeramma i Vg3 ikkje plass til 140 timar til val av programfag. Til saman skal desse elevane ha 1 823 timar fellesfag, 840 timar felles programfag og 280 timar til val av programfag frå studieførebuande utdanningsprogram, totalt 2 943 timar over tre år. Sjå tabell 9 (kolonne 16).
- *Utan formgivingsfag i Vg1*
For elevar som har hatt 842 og ikkje 982 timar i Vg1 i utdanningsprogrammet for studiespesialisering, er kravet til totalt timetal over tre år 2 803 (jf. tabell 9, kolonne 15). Desse elevane har hatt samfunnsfag og geografi i Vg1, og skal derfor i staden ha 140 timar ekstra med felles programfag i Vg2 (jf. tabell 9, kolonne 6). Til saman skal desse elevane ha 1 683 timar fellesfag, 840 timar felles programfag og 280 timar til val av programfag frå studieførebuande utdanningsprogram, sjå tabell 9 (kolonne 15). Elevar som ikkje har hatt framandspråk i grunnskolen, skal bruke 140 timar til fellesfaget framandspråk i Vg3. Av denne grunn får desse elevane innanfor den samla timeramma i Vg3 ikkje plass til 140 timar til val av programfag.

Programfag som inngår i programområdet for formgivingsfag

Tabell 10 viser kva for programfag som inngår i programområdet for formgivingsfag. Kvart programfag består av fleire programfageiningar.

Tabell 10 Programfag i programområdet for formgivingsfag

Programfag	Programfageiningar	Timar
Felles programfag i formgivingsfag		
Visuelle kunstfag		
	Visuelle kunstfag 1	140
	Visuelle kunstfag 2 (byggjer på visuelle kunstfag 1)	140
	Visuelle kunstfag 3 (byggjer på visuelle kunstfag 2)	140
Design og arkitektur		
	Design og arkitektur 1	140
	Design og arkitektur 2 (byggjer på design og arkitektur 1)	140
	Design og arkitektur 3 (byggjer på design og arkitektur 2)	140
Valfrie programfag spesielt utarbeidde i formgivingsfag		
	Visuell kultur og samfunn	140
	Scenografi og kostyme	140
	Trykk og foto	140
	Samisk visuell kultur	140

3.3.3 Utdanningsprogrammet for idrettsfag

Utdanningsprogrammet for idrettsfag er ikkje inndelt i fleire programområde. Elevane skal ordinært ha totalt 2 943 timar over tre år. Det går fram av fag- og timefordelinga i tabell 11 korleis desse timane skal fordelast. Det er ein føresetnad at opplæringa på kvart årstrinn blir organisert i fellesfag og programfag slik det er fastsett i tabell 11 og i den enkelte læreplanen. Faga kan ikkje delast opp i einingar av anna omfang enn det som er beskrive i læreplanane som fellesfag og programfageiningar.

I tabell 11 er det i tillegg til dei kolonnane som viser ordinær fag- og timefordeling (kolonne 1, 4, 7 og 11), eigne kolonnar for elevar som

- ikkje har hatt framandspråk i grunnskolen (kolonne 8 og 12)
- har samisk som første- eller andrespråk (kolonne 2, 5, 9 og 13)
- har norsk teiknspråk og norsk for døve og sterkt tunghørte (kolonne 3, 6, 10 og 14)

Tabell 11 Fag- og timefordeling i utdanningsprogrammet for idrettsfag

Kolonne nr.: →	Omfang i timar													
	Vg1			Vg2			Vg3				Totalt over 3 år			
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14
	Ordinær	Samisk	Døve/ tunghørte	Ordinær	Samisk	Døve/ tunghørte	Ordinær	Utan fr.språk gr.skole	Samisk	Døve/ tunghørte	Ordinær	Utan fr.språk gr.skole	Samisk	Døve/ tunghørte
Religion og etikk							84	84	84	84	84	84	84	84
Norsk	113			112			168	168			393	393		
Førstespråk samisk/norsk 1		103			103				103				309	
Andrespråk norsk/samisk/finsk 1		103			103				103				309	
Norsk for døve og sterkt tunghørte 1			113			112				168				393
Norsk teiknspråk 1			75			75				75				225
Matematikk 1	140	140	140	84	84	84					224	224	224	224
Naturfag	140	140	140								140	140	140	140
Engelsk	140	140	140								140	140	140	140
Framandspråk 1	113			112				140			225	365		
Samfunnsfag				84	84	84					84	84	84	84
Geografi				56	56	56					56	56	56	56
Historie				56	56	56	113	113	113	113	169	169	169	169
Sum fellesfag	646	626	608	504	486	467	365	505	403	440	1515	1655	1515	1515
Felles programfag frå eige utdanningsprogram	196	196	196	336	336	336	476	476	476	476	1008	1008	1008	1008
Programfag frå studieførebuande utdanningsprogram	140	140	140	140	140	140	140		140	140	420	280	420	420
Totalt omfang	982	962	944	980	962	943	981	981	1019	1056	2943	2943	2943	2943

1 Sjå den nærmare beskrivinga av desse faga under pkt. 3.3.1.

Krav til fagsamansetjing

Fellesfag

Elevane i utdanningsprogrammet for idrettsfag skal på kvart årstrinn ha opplæring i dei faga som er sette opp i fag- og timefordelinga i tabell 11 under fellesfag, dvs. ordinært totalt 1 515 timar over tre år.

Programfag

Elevane i utdanningsprogrammet for idrettsfag skal ordinært i løpet av tre år ha 1 428 timar programfag.

- *Felles programfag frå eige utdanningsprogram*
1 008 av dei 1 428 timane ovanfor skal nyttast til felles programfag frå eige utdanningsprogram. Dei felles programfaga går fram av tabell 12.
- *Programfag frå studieførebuande utdanningsprogram*
420 av dei 1 428 timane ovanfor skal nyttast til programfag som finst anten i eige utdanningsprogram (jf. tabell 12) eller i somme av programområda innanfor dei to andre studieførebuande utdanningsprogramma. Elevane må ta *tre* programfageiningar à 140 timar.

Tilpassa ordning

- *Utan framandspråk i grunnskolen*
Elevar som ikkje har hatt andre framandspråk i grunnskolen enn engelsk, skal bruke 140 timar til fellesfaget framandspråk i Vg3. Av denne grunn får desse elevane innanfor den samla timeramma i Vg3 ikkje plass til 140 timar til val av programfag. Til saman skal desse elevane ha 1 655 timar fellesfag, 1008 timar felles programfag og 280 timar til val av programfag frå studieførebuande utdanningsprogram, totalt 2 943 timar over tre år. Sjå tabell 11 (kolonne 12).

Oversikt over programfag i utdanningsprogram for idrettsfag

Tabell 12 viser kva for programfag som inngår i utdanningsprogrammet for idrettsfag. Dei fleste programfag består av to eller fleire programfageiningar.

Tabell 12: Programfag i programområdet for idrettsfag

Programfag	Programfageiningar	Timar
Felles programfag i idrettsfag		
Aktivitetslære		
	Aktivitetslære 1	140
	Aktivitetslære 2 (byggjer på aktivitetslære 1)	140
	Aktivitetslære 3 (byggjer på aktivitetslære 2)	140

Treningslære		
	Treningslære 1	140
	Treningslære 2 (byggjer på treningslære 1)	140
Idrett og samfunn		
	Idrett og samfunn	140
Treningsleiing		
	Treningsleiing 1	56
	Treningsleiing 2 (byggjer på treningsleiing 1)	56
	Treningsleiing 3 (byggjer på treningsleiing 2)	56
Valfrie programfag spesielt utarbeidde for idrettsfag		
Toppidrett		
	Toppidrett 1	140
	Toppidrett 2 (byggjer på toppidrett 1)	140
	Toppidrett 3 (byggjer på toppidrett 2)	140
Breiddeidrett		
	Breiddeidrett 1	140
	Breiddeidrett 2 (byggjer på breiddeidrett 1)	140
	Breiddeidrett 3 (byggjer på breiddeidrett 2)	140
Friluftsliv		
	Friluftsliv 1	140
	Friluftsliv 2 (byggjer på friluftsliv 1)	140
Leiarutvikling		
	Leiarutvikling 1	140
	Leiarutvikling 2 (byggjer på leiarutvikling 1)	140

3.3.4 Utdanningsprogrammet for musikk, dans og drama

Utdanningsprogrammet for musikk, dans og drama har eitt felles Vg1 og er inndelt i tre programområde i Vg2 og Vg3

- programområde for musikk
- programområde for dans
- programområde for drama

Etter fullført Vg1 har elevane rett til inntak til eitt av programområda i Vg2, uavhengig av kva for programfag som er valt innanfor dei 196 timane til val elevane har i Vg1. Kravet til timetal og samansetjing av fag over tre år er tilpassa til dette.

Elevane skal ordinært ha totalt 2 943 timar over tre år. Det går fram av fag- og timefordelinga i tabell 13 korleis desse timane skal fordelast. Det er ein føresetnad at opplæringa på kvart årstrinn blir organisert i fellesfag og programfag slik det er fastsett i tabell 13 og i den enkelte læreplanen.

Faga kan ikkje delast opp i einingar av anna omfang enn det som er beskrive i læreplanane som fellesfag og programfageiningar.

I tabell 13 er det i tillegg til dei kolonnane som viser ordinær fag- og timefordeling (kolonne 1, 4, 7 og 11), egne kolonnar for elevar som

- ikkje har hatt framandspråk i grunnskolen (kolonne 8 og 12)
- har samisk som første- eller andrespråk (kolonne 2, 5, 9 og 13)
- har norsk teiknspråk og norsk for døve og sterkt tunghørte (kolonne 3, 6, 10 og 14)

Tabell 13 Fag- og timefordeling i utdanningsprogrammet for musikk, dans og drama

Kolonne nr. →	Omfang i timar													
	Vg1			Vg2			Vg3				Totalt over 3 år			
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14
	Ordinær	Samisk	Døve/ tunghørte	Ordinær	Samisk	Døve/ tunghørte	Ordinær	Utan fr.språk gr.skole	Samisk	Døve/ tunghørte	Ordinær	Utan fr.språk gr.skole	Samisk	Døve/ tunghørte
Religion og etikk							84	84	84	84	84	84	84	84
Norsk	113			112			168	168			393	393		
Førstespråk samisk/norsk 1		103			103				103				309	
Andrespråk norsk/samisk/finsk 1		103			103				103				309	
Norsk for døve og sterkt tunghørte 1			113			112				168				393
Norsk teiknspråk 1			75			75				75				225
Matematikk 1	140	140	140	84	84	84					224	224	224	224
Naturfag	140	140	140								140	140	140	140
Engelsk	140	140	140								140	140	140	140
Framandspråk 1	113			112				140			225	365		
Samfunnsfag				84	84	84					84	84	84	84
Geografi				56	56	56					56	56	56	56
Historie				56	56	56	113	113	113	113	169	169	169	169
Sum fellesfag	646	626	608	504	486	467	365	505	403	440	1515	1655	1515	1515
Felles programfag frå eige program- område	140	140	140	336	336	336	476	476	476	476	952	952	952	952
Programfag frå studieførebuande utdanningsprogram	196	196	196	140	140	140	140		140	140	476	336	476	476
Totalt omfang	982	962	944	980	962	943	981	981	1019	1056	2943	2943	2943	2943

1 Sjå den nærmare beskrivinga av desse faga under pkt. 3.3.1.

Krav til fagsamansetjing

Fellesfag

Elevane i programområda for musikk, dans og drama skal på kvart årstrinn ha opplæring i dei faga som er sette opp i fag- og timefordelinga i tabell 13 under fellesfag, dvs. ordinært totalt 1 515 timar over tre år.

Programfag

Elevane i programområda for musikk, dans og drama skal ordinært i løpet av tre år ha 1 428 timer programfag.

- *Felles programfag frå eige programområde*
952 av dei 1 428 timane ovanfor skal nyttast til felles programfag frå eige programområde. Dei felles programfaga for programområdet musikk går fram av tabell 14. Dei felles programfaga for programområdet dans går fram av tabell 15. Dei felles programfaga for programområdet drama går fram av tabell 16.
- *Programfag frå studieførebuande utdanningsprogram*
476 av dei 1 428 timane ovanfor skal nyttast til programfag som finst anten i eige programområde eller i andre programområde innanfor dei tre studieførebuande utdanningsprogramma, dvs. utdanningsprogramma for studiespesialisering, idrettsfag, og musikk, dans og drama. Elevane må ta *tre* programfageiningar à 140 timar og *ei* programeining på minst 56 timar.

Tilpassa ordning

- *Utan framandspråk i grunnskolen*
Elevar som ikkje har hatt andre framandspråk i grunnskolen enn engelsk, skal bruke 140 timar til fellesfaget framandspråk i Vg3. Av denne grunn får desse elevane innanfor den samla timeramma i Vg3 ikkje plass til 140 timar til val av programfag. Til saman skal desse elevane ha 1 655 timar fellesfag, 952 timar felles programfag og 336 timar til val av programfag frå studieførebuande utdanningsprogram, totalt 2 943 timar over tre år. Sjå tabell 13 (kolonne 12).

Oversikt over programfag i utdanningsprogrammet for musikk, dans og drama

Tabell 14 viser kva for programfag som inngår i programområdet for musikk. Kvart programfag består av ei eller to programfageiningar.

Tabell 15 viser kva for programfag som inngår i programområdet for dans. Kvart programfag består av ei, to eller fleire programfageiningar.

Tabell 16 viser kva for programfag som inngår i programområdet for drama. Kvart programfag består av ei eller to programfageiningar.

Tabell 14 Programfag i programområdet for musikk

Programfag	Programfageiningar	Timar
Felles programfag i musikk		
Musikk, dans og drama		
	Musikk, dans og drama (felles programfag i Vg1)	140
Instrument, kor, samspel		
	Instrument, kor, samspel 1	140
	Instrument, kor, samspel 2 (byggjer på Instrument, kor, samspel 1)	140
Musikk i perspektiv		
	Musikk i perspektiv 1	140
	Musikk i perspektiv 2 (byggjer på Musikk i perspektiv 1)	140
Instruksjon og leiing		
	Instruksjon og leiing	140
Ergonomi og bevegelse		
	Ergonomi og bevegelse 1	56
	Ergonomi og bevegelse 2 (byggjer på Ergonomi og bevegelse 1)	56
Valfrie programfag spesielt utarbeidde for musikk		
	Lytting	56
	Bevegelse	56
	Musikk	140
	Musikk fordjuping 1	140
	Musikk fordjuping 2 (byggjer på Musikk fordjuping 1)	140
	Samisk musikk og scene	140

Tabell 15: Programfag i programområdet for dans

Programfag	Programfageiningar	Timar
Felles programfag i dans		
Musikk, dans og drama		
	Musikk, dans og drama (felles programfag i Vg1)	140
Scenisk dans		
	Scenisk dans 1	140
	Scenisk dans 2 (byggjer på Scenisk dans 1)	140
	Scenisk dans 3 (byggjer på Scenisk dans 2)	140
Dans i perspektiv		
	Dans i perspektiv 1	140
	Dans i perspektiv 2 (byggjer på Dans i perspektiv 1)	140
Grunntrening i dans		
	Grunntrening i dans 1	56
	Grunntrening i dans 2 (byggjer på Grunntrening i dans 1)	56

Valfrie programfag spesielt utarbeidde for dans		
	Bevegelse	56
	Danseteknikkar	140
	Scenisk dans fordjuping 1	140
	Scenisk dans fordjuping 2 (byggjer på Scenisk dans fordjuping 1)	140

Tabell 16 Programfag i programområdet for drama

Programfag	Programfageiningar	Timar
Felles programfag i drama		
Musikk, dans og drama		
	Musikk, dans og drama (felles programfag i Vg1)	140
Teaterproduksjon		
	Teaterproduksjon 1	140
	Teaterproduksjon 2 (byggjer på Teaterproduksjon 1)	140
Teater i perspektiv		
	Teater i perspektiv 1	140
	Teater i perspektiv 2 (byggjer på Teater i perspektiv 1)	140
Drama og samfunn		
	Drama og samfunn	140
Teater og bevegelse		
	Teater og bevegelse 1	56
	Teater og bevegelse 2 (byggjer på Teater og bevegelse 1)	56
Valfrie programfag spesielt utarbeidde for drama		
	Bevegelse	56
	Teaterensemble	140
	Teaterproduksjon fordjuping 1	140
	Teaterproduksjon fordjuping 2 (byggjer på Teaterproduksjon fordjuping 1)	140
	Samisk musikk og scene	140

3.4 Fag- og timefordeling og programfag i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma

3.4.1 Felles føresegner

Hovudføresegnene knytte til innhald og omfang i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma går fram av kapittel 3 i opplæringslova og kapittel 1 i forskrifta til opplæringslova. Den nærmare inndelinga i fag og føresegner om krav til fellesfag og programfag følgjer nedanfor. Nedanfor er det også gjort greie for dei eigne føresegnene som gjeld for

- elevar som i samsvar med § 6-3 i opplæringslova har rett til opplæring i samisk
- elevar som i samsvar med § 3-9 i opplæringslova har rett til opplæring i teiknspråk

Fellesfag

Første- og andrespråk – norsk, samisk, finsk og norsk teiknspråk

Opplæringa i førstespråket skal følgje læreplanen for fellesfaget norsk om ikkje anna er bestemt nedanfor. I forskrifta til opplæringslova kapittel 1 er det fastsett kven som er unnateken frå *opplæring* i norsk sidemål, og i kapittel 4 er det fastsett kven som er friteken frå *vurdering* i norsk sidemål.

- *Norsk og samisk*

For elevar som har rett til opplæring i samisk i samsvar med § 6-3 i opplæringslova, er det utarbeidd eigne læreplanar for første- og andrespråk. Læreplanen for samisk andrespråk har dessutan to alternativ: samisk 2 og samisk 3.

- Opplæring i samisk førstespråk skal kombinerast med opplæring i norsk etter den eigne læreplanen for norsk for elevar med samisk som førstespråk. Elevar som ønskjer det, kan likevel få opplæring etter den ordinære læreplanen for norsk, men da med rett til fritak frå opplæring og vurdering i norsk sidemål.
- Opplæring i samisk andrespråk skal kombinerast med opplæring i norsk etter den ordinære læreplanen for norsk, men med rett til fritak frå opplæring og vurdering i norsk sidemål.

Sjå elles eige oppsett for samisk fag- og timefordeling i tabell 17 (kolonne 2, 5 og 8).

- *Norsk og finsk som andrespråk*

Det er utarbeidd ein eigen læreplan for finsk som andrespråk. Opplæring i finsk som andrespråk skal kombinerast med opplæring i norsk etter den ordinære læreplanen for norsk, men med fritak frå opplæring og vurdering i norsk sidemål.

- *Norsk teiknspråk og norsk for døve og sterkt tunghørte*

For elevar som har rett til opplæring i norsk teiknspråk i samsvar med § 3-9 i opplæringslova, er det utarbeidd eigne læreplanar for norsk teiknspråk og norsk for døve og sterkt tunghørte. Normalt skal opplæringa etter læreplanen for norsk teiknspråk kombinerast med opplæring etter læreplanen for norsk for døve og sterkt tunghørte, men elevar som ønskjer det, kan få opplæring etter den ordinære læreplanen for norsk og med fritak frå opplæring og vurdering i norsk sidemål. Sjå elles eiga fag- og timefordeling for døve og sterkt tunghørte i tabell 17 (talkolonne 3, 6 og 9).

- *Norsk som andrespråk for språklege minoritetar*

Elevar med eit anna morsmål enn samisk og norsk kan få opplæring etter læreplanen for norsk som andrespråk for språklege minoritetar når dei ikkje har tilstrekkelege kunnskapar til å følgje opplæringa etter den ordinære læreplanen for norsk. Når elevane har oppnådd tilstrekkeleg kompetanse, skal dei få opplæring etter den ordinære læreplanen for norsk.

Engelsk

Opplæringa skal følgje læreplanen for fellesfaget engelsk om ikkje anna er bestemt. For elevar som har rett til opplæring i/på norsk teiknspråk i samsvar med § 3-9 i opplæringslova, er det utarbeidd ein eigen læreplan for engelsk.

Matematikk

Opplæringa skal følgje læreplanen for fellesfaget matematikk. Denne læreplanen har to alternativ: matematikk P (praktisk retta) og matematikk T (teoretisk retta).

Naturfag, samfunnsfag og kroppsøving

Opplæringa i desse fellesfaga skal følgje dei fastsette læreplanane.

Andre føresegner

Godkjenning av opplæring tilsvarende Vg1 og/eller Vg2 i utlandet

Det vil seinare bli fastsett føresegner om godkjenning av opplæring i utlandet tilsvarende Vg1 og/eller Vg2 i yrkesfaglege utdanningsprogram.

3.4.2 Vg1 og Vg2 i skole

Elevane skal ordinært ha totalt 1 963 timar i løpet av Vg1 og Vg2. Det går fram av fag- og timefordelinga i tabell 17 korleis desse timane skal fordelast. Det er ein føresetnad at opplæringa i fellesfag og programfag på kvart årstrinn blir gitt slik det er fastsett i tabell 17 og i den enkelte læreplanen. Faga kan ikkje delast opp i einingar av anna omfang enn det som er bestemt i læreplanane i fellesfag og felles programfag.

I tabell 17 er det, i tillegg til dei kolonnane som viser ordinær fag- og timefordeling (kolonne 1, 5 og 9), eigne kolonnar for elevar som

- har samisk som første- eller andrespråk (kolonne 3, 7, og 11)
- har norsk teiknspråk og norsk for døve og sterkt tunghørte (kolonne 4, 8 og 12)
- som i samsvar med tilbudsstrukturen fastsett i vedlegg 2 kan takast inn til Vg2 på grunnlag av Vg1 i utdanningsprogrammet for studiespesialisering (kolonne 2, 6, og 10).

Tabell 17 fag- og timefordeling i Vg1 og Vg2 i yrkesfaglege utdanningsprogram

Kolonne nr. →	Omfang i timar											
	Vg1				Vg2				Totalt over to år			
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12
	Ordinær	Med stud.spes Vg1	Samisk	Døve/tunghørt	Ordinær	Med stud.spes Vg1	Samisk	Døve/tunghørt	Ordinær	Med stud.spes Vg1	Samisk	Døve/tunghørt
Norsk	56	113			56				112	113		
Førstespråk samisk/norsk 1			45				45				90	
Andrespråk norsk/samisk/finsk 1			45				45				90	
Norsk for døve og sterkt tunghørte 1				56				56				112
Norsk teiknspråk 1				56				56				112
Matematikk 1	84	140	84	84					84	140	84	84
Naturfag	56	140	56	56					56	140	56	56
Engelsk	84	140	84	84	56		56	56	140	140	140	140
Framandspråk		113								113		
Samfunnsfag		84			84		84	84	84	84	84	84
Geografi		56								56		
Kroppsøving	56	56	56	56	56	56	56	56	112	112	112	112
Sum fellesfag	336	842	370	392	252	56	286	308	588	898	656	700
Felles programfag frå eige program-område	477		477	477	477	477	477	477	954	477	954	954
Prosjekt til fordjuping	168		140	112	253	253	225	197	421	253	365	309
Programfag frå studieføreb. el. yrkesf. utd. progr.						196				196		
Totalt omfang	981	842	987	981	982	982	988	982	1963	1824	1975	1963

1 Sjå den nærmare beskrivinga av desse faga under pkt. 3.3.1.

Krav til fagsamansetjing

Fellesfag

Elevane i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma skal på kvart av årstrinna Vg1 og Vg2 ha opplæring i dei faga som er sette opp i fag- og timefordelinga i tabell 17 under fellesfag, dvs. ordinært totalt 588 timar.

Felles programfag frå eige utdanningsprogram/programområde

Elevane i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma skal i løpet av to år ha 954 timar felles programfag frå eige programområde. Dei felles programfaga i Vg1 i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma går fram av tabell 18. Fagnemningane på og omfanget av dei felles programfaga i Vg2 vil bli fastsette seinare saman med læreplanane for Vg2.

Prosjekt til fordjuping

Elevane i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma skal i løpet av Vg1 og Vg2 ordinært ha 421 timar innanfor prosjekt til fordjuping. Timane i prosjekt til fordjuping skal brukast

- anten til opplæring i kompetansemål frå Vg3 innanfor eige utdanningsprogram, eller til opplæring i kompetansemål frå andre utdanningsprogram der dette er fagleg relevant. Det skal uansett utarbeidast lokale læreplanar for dette.
- eller til fellesfag frå Vg3 påbygging til generell studiekompetanse, eller til programfag frå utdanningsprogram for studiespesialisering. I desse tilfella gjeld kompetansemål, timetal og vurderingsordningar for desse fag slik dette er fastsette i den enkelte læreplanen.

Føresegnene om prosjekt til fordjuping i Vg1 i yrkesfaglige utdanningsprogram er fastsette av Utdanningsdirektoratet. Føresegnene om prosjekt til fordjuping i Vg2 er under utarbeiding og vil bli fastsette seinare.

Tilpassa ordningar

- *Med samisk, finsk eller norsk tegnspråk i Vg1 og Vg2*
Elevar med samisk som første- eller andrespråk, finsk som andrespråk eller norsk teiknspråk har eigne timetal i prosjekt til fordjuping. Sjå tabell 17.
- *Kryssløp frå Vg1 i studieførebuande utdanningsprogram til Vg2 i yrkesfaglege utdanningsprogram*
Enkelte Vg2 har i samsvar med tilbudsstrukturen fastsett i vedlegg 2 også inntak frå Vg1 i eit studieførebuande utdanningsprogram (kryssløp):
 - elevar som har hatt 842 timar i Vg1 i utdanningsprogram for studiespesialisering, har fullført alle fellesfag som elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram har i Vg2, unnateke kroppsøving. Desse elevane skal ha 196 timar med andre fag i staden for desse fellesfaga i Vg2, slik at timetalet totalt i Vg2 blir minst 982 timar. Faga kan vere felles programfag frå yrkesfaglege utdanningsprogram eller programfag frå dei studieførebuande utdanningsprogramma. Totalt skal omfanget over to år vere minst 1 824 timar.
 - elevar som har hatt 982 timar i Vg1 i eit av dei studieførebuande utdanningsprogramma, følgjer same ordning. Totalt skal omfanget over to år for desse elevane vere minst 1 963 timar

Programfag i Vg1 i yrkesfaglege utdanningsprogram

Tabell 18 viser kva for programfag det skal vere i Vg1 i kvart av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Tabell 18 Programfag i Vg1 i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma

Utdanningsprogram	Programfag	Timar
Bygg- og anleggsteknikk		
	Produksjon	337
	Teikning og bransjelære	140
Design og handverk		
	Produksjon	337
	Kvalitet og dokumentasjon	140
Elektrofag		
	Data- og elektronikkssystem	197
	Elenergisystem	140
	Automatiseringssystem	140
Helse- og sosialfag		
	Helsefremjande arbeid	197
	Kommunikasjon og samhandling	140
	Yrkesutøving	140
Medium og kommunikasjon		
	Mediekommunikasjon	159
	Mediedesign og medieuttrykk	159
	Medieproduksjon	159
Naturbruk		
	Naturbasert produksjon	337
	Naturbasert aktivitet	140
Restaurant- og matfag		
	Råstoff og produksjon	177
	Kosthald og livsstil	150
	Bransje, fag og miljø	150
Service og samferdsel		
	Planlegging	169
	Drift og oppfølging	168
	Kommunikasjon og service	140
Teknikk og industriell produksjon		
	Produksjon	197
	Tekniske tenester	140
	Dokumentasjon og kvalitet	140

Det vil seinare bli fastsett føresegner om programfag i Vg2.

3.4.3 Vg3 i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma

Yrkesfagleg vidaregåande opplæring blir avslutta i Vg3. I dei fleste yrkesopplæringane blir Vg3 gjennomført i bedrift og med ein kombinasjon av opplæring og verdiskaping (læretid). I somme tilfelle blir yrkesopplæringa avslutta med Vg3 i skole.

Føresegner om dei yrkesretta Vg3 vil bli utarbeidde seinare.

3.4.4 Vg3 påbygging til generell studiekompetanse for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma

Elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram kan etter Vg1 og Vg2 ta eit eige Vg3 (eit påbyggingsår) med sikte på generell studiekompetanse. Dette Vg3 er felles for alle yrkesfaglege utdanningsprogram. Vg1 og Vg2 må vere frå same utdanningsprogram eller eit fastsett kryssløp, sjå tilbudsstrukturen i vedlegg 2.

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse skal totalt innehalde minst 841 timar. Det går fram av fag- og timefordelinga i tabell 19 korleis desse timane skal fordelast på fag.

Det er ein føresetnad at opplæringa blir organisert i fellesfag og programfag slik det er fastsett i tabell 19 og i den enkelte læreplanen. Faga kan ikkje delast opp i einingar av anna omfang enn det som går fram av læreplanane i fellesfag og felles programfag.

I tabell 19 er det, i tillegg til dei kolonnane som viser ordinær fag- og timefordeling (kolonne 1 og 5), egne kolonnar for elevar som

- har samisk som første- eller andrespråk (kolonne 3 og 7)
- har norsk teiknspråk og norsk for døve og sterkt tunghørte (kolonne 4 og 8)
- som i samsvar med tilbudsstrukturen fastsett i vedlegg 2 kan takast inn til Vg2 på grunnlag av Vg1 i utdanningsprogrammet for studiespesialisering (kolonne 2 og 6)

Tabell 19 fag- og timefordeling i Vg3 påbygging til generell studiekompetanse for yrkesfaglege utdanningsprogram

Kolonne nr. →	Omfang i timar							
	Vg3				Totalt over 3 år			
	1	2	3	4	5	6	7	8
	Ordinær	Med stud.spes Vg1	Samisk	Døve/tunghørte	Ordinær	Med stud.spes Vg1	Samisk	Døve/tunghørte
Norsk	281	280			393	393		
Førstespråk samisk/norsk 1			219				309	
Andrespråk norsk/samisk/finsk 1			219				309	
Norsk for døve og sterkt tunghørte 1				281				393
Norsk teiknspråk 1				113				225
Matematikk 1	140	84	140	140	224	224	224	224
Naturfag	84		84	84	140	140	140	140
Engelsk					140	140	140	140
Framandspråk						113		
Samfunnsfag					84	84	84	84
Geografi						56		
Historie	140	140	113	140	140	140	113	140
Kroppsøving	56	56	56	56	168	168	168	168
Sum fellesfag	701	560	831	814	1289	1458	1487	1514
Felles programfag frå eige programområde					954	477	954	954
Prosjekt til fordjuping				27	421	253	365	336
Programfag frå studiespesialisering utdanningsprogram	140	140			140	140		
Programfag frå studieføreb. el. yrkesfagleg utdanningsprogr.		140				336		
Totalt omfang	841	840	831	841	2804	2664	2806	2804

1 Sjå den nærmare beskrivinga av desse faga under pkt. 3.3.1.

Fellesfag

Elevane skal ha opplæring i dei fellesfaga som er sette opp i fag- og timefordelinga i tabell 19, dvs. ordinært totalt 701 timar.

- For faga norsk, samisk, finsk, norsk teiknspråk, matematikk, naturfag og kroppsøving: sjå det som står om desse faga under pkt. 3.2.1.
- I historie har opplæringa etter ordinært opplegg i Vg3 påbygging eit anna timetal enn opplæringa i dei studieførebuaende utdanningsprogramma.
- Etter samisk fag- og timefordeling skal opplæringa i historie følgje timetal som gjeld for faget i Vg3 i dei studieførebuaende utdanningsprogramma.
- Dei særlege føresegnene for fellesfaget matematikk for elevar som tek matematikk programfag, står under pkt 3.2.1.

Programfag

Elevane i Vg3 påbygging til generell studiekompetanse skal ordinært ha 140 timar programfag frå utdanningsprogram for studiespesialisering, sjå tabellane 6, 7 og 8.

Tilpassa ordningar

- *Prosjekt til fordypning i Vg1 og/eller Vg2 brukt til fellesfag eller programfag*
Elevar som i Vg1 og/eller Vg2 har brukt av timane som der er sette av til prosjekt til fordjuping til fellesfag/programfag, må i Vg3 ta eit tilsvarande tal timar i programfag frå dei studieførebuande utdanningsprogramma. Det totale timetalet i Vg3 skal ordinært vere 841 timar, og det ordinære samla timeomfanget over tre år skal vere 2 804 timar.
- *Med samisk, finsk og norsk teiknspråk i Vg3*
Elevar som får opplæring etter læreplanane for samisk, finsk eller norsk teiknspråk, har ikkje timar til programfag frå utdanningsprogram for studiespesialisering i Vg3 påbygging, sjå tabell 19.
- *Med norsk teiknspråk i Vg3*
Elevar som får opplæring etter læreplanen for norsk teiknspråk, skal ha minst 27 timar til prosjekt til fordjuping i Vg3 påbygging. Sjø tabell 19 (kolonne 3). Andre elevar skal ikkje ha prosjekt til fordjuping i Vg3 påbygging.
- *Med kryssløp frå Vg1 studieførebuande utdanningsprogram til Vg2 i yrkesfaglege utdanningsprogram*
Enkelte Vg2 har i samsvar med tilbudsstrukturen fastsett i vedlegg 2 også inntak frå Vg1 i studieførebuande utdanningsprogram (kryssløp). Desse elevane har fullført fellesfaget naturfag og skal ha færre timar i fellesfaget matematikk. Desse elevane skal i staden ha 140 timar i tillegg til programfag frå studieførebuande eller yrkesfaglege utdanningsprogram i Vg3, sjå tabell 19 (kolonne 2 og 6).

3.4.5 Studieførebuande Vg3 innanfor dei yrkesfaglege utdanningsprogramma for naturbruk og for medium og kommunikasjon

Utdanningsprogramma for naturbruk og for medium og kommunikasjon har eigne studieførebuande Vg3 som byggjer i Vg1 og Vg2 i vedkommande utdanningsprogram, sjå tilbudsstrukturen i vedlegg 2.

Elevane i dei studieførebuande Vg3 for naturbruk og for medium og kommunikasjon skal ordinært ha totalt 981 timar i løpet av dette året. Det går fram av fag- og timefordelinga i tabell 20 korleis desse timane skal fordelast. Det er ein føresetnad at opplæringa blir organisert i fellesfag og programfag slik det er fastsett i tabell 20 og i den enkelte læreplanen. Faga kan ikkje delast opp i einingar av anna omfang enn det som går fram av læreplanane i fellesfag og programfag.

I tabell 20 er det, i tillegg til dei kolonnane som viser ordinær fag- og timefordeling (kolonne 1 og 4), eigne kolonnar for elevar som

- har samisk som første- eller andrespråk (kolonne 2 og 5)
- har norsk teiknspråk og norsk for døve og sterkt tunghørte (kolonne 3 og 6)

Tabell 20 fag- og timefordeling i studieførebuande Vg3 innanfor dei yrkesfaglege utdanningsprogramma for naturbruk og for medium og kommunikasjon

Kolonne nr. →	Omfang i timar					
	Vg3			Totalt over 3 år		
	1	2	3	4	5	6
	Ordinær	Samisk	Døve/ tunghørte	Ordinær	Samisk	Døve/ tunghørte
Norsk	281			393		
Førstespråk samisk/norsk 1		219			309	

Andrespråk norsk/samisk/finsk 1		219			309	
Norsk for døve og sterkt tunghørte 1			281			393
Norsk teiknspråk 1			113			225
Matematikk 1	140	140	140	224	224	224
Naturfag	84	84	84	140	140	140
Engelsk				140	140	140
Samfunnsfag				84	84	84
Historie	140	113	140	140	113	140
Kroppsøving	56	56	56	168	168	168
Sum fellesfag	701	831	814	1289	1487	1514
Felles programfag frå eige programområde	140	140	140	1094	1094	1094
Prosjekt til fordjuping			27	421	365	336
Programfag frå eige programomr. el. studiesforbr. utdanningsprogram	140			140		
Totalt omfang	981	971	981	2944	2946	2944

1 Sjå den nærmare beskrivinga av desse faga under pkt. 3.3.1

Fellesfag

Elevane skal ha opplæring i dei fellesfaga som er sette opp i fag- og timefordelinga i tabell 20, dvs. ordinært totalt 701 timar.

- For faga norsk, samisk, finsk, norsk teiknspråk, matematikk, naturfag og kroppsøving: sjå det som står om desse faga under pkt 3.3.1.
- I historie har opplæringa etter ordinært opplegg i Vg3 påbygging eit anna timetal enn opplæringa i dei studieførebuande utdanningsprogramma.
- Etter samisk fag- og timefordeling skal opplæringa i historie følgje timetal som gjeld for faget i Vg3 i dei studieførebuande utdanningsprogramma.
- Dei særlege føresegnene for fellesfaget matematikk for elevar som tek matematikk programfag, står under pkt 3.3.1.

Programfag

Elevane i dei studieførebuande Vg3 under utdanningsprogramma for naturbruk og for medium og kommunikasjon skal i løpet av opplæringa ordinært ha 280 timar programfag.

- *Programfag frå eige programområde*
140 av dei 280 timane skal nyttast til felles programfag frå eige programområde. Felles programfag i Vg3 naturbruk går fram av tabell 21. Felles programfag i Vg3 medium og kommunikasjon går fram av tabell 22.
- *Programfag frå eige programområde eller studieførebuande utdanningsprogram*
140 av dei 280 timane skal nyttast til programfag som finst anten i eige programområde eller i somme av dei andre programområda innanfor dei tre studieførebuande utdanningsprogramma, dvs. utdanningsprogramma for studiespesialisering, idrettsfag eller musikk, dans og drama. Dei eigne programfaga utarbeidde for studieførebuande Vg3 naturbruk står i tabell 21. Dei eigne programfaga utarbeidde for studieførebuande Vg3 medium og kommunikasjon står i tabell 22.

Tilpassa ordningar

- *Prosjekt til fordypning i Vg1 og/eller Vg2 brukt til fellesfag eller programfag*
Elevar som i Vg1 og/eller Vg2 har brukt av timane som der er sette av til prosjekt til fordjuping til fellesfag/programfag, må i Vg3 ta eit tilsvarande tal timar i programfag enten frå eige programområde eller frå dei studieførebuande utdanningsprogramma. Det totale timetalet i Vg3 skal ordinært vere 981 timar, og det ordinære samla timeomfanget over tre år skal vere 2 944 timar.
- *Med samisk, finsk og norsk teiknspråk i Vg3*
Elevar som får opplæring etter læreplanane for samisk, finsk eller norsk teiknspråk, har ikkje timar til val av programfag i Vg3 påbygging. Sjå tabell 20.
- *Med norsk teiknspråk i Vg3*
Elevar som får opplæring etter læreplanen for norsk teiknspråk, skal ha minst 27 timar til prosjekt til fordjuping i Vg3. Sjå tabell 20. Andre elevar skal ikkje ha prosjekt til fordjuping i Vg3.

Programfaga i dei studieførebuande Vg3 i utdanningsprogramma for naturbruk og for medium og kommunikasjon

Tabell 21 og 22 viser kva for programfag som inngår i dei to studieførebuande Vg3.

Tabell 21 Programfag i studieførebuande Vg3 for naturbruk (endelege namn på felles programfag og namn/tal på programfag til val er ikkje fastsette)

Programfag	Programfageiningar	Timar
Felles programfag		
	Naturforvaltning	140
Valfrie programfag spesielt utarbeidde for Vg3 naturbruk		
	Fordjuping i naturbruk	140
	Fordjuping i naturbruk	140
	Fordjuping i naturbruk	140

Tabell 22 Programfag i studieførebuande Vg3 medium og kommunikasjon (endelege namn på felles programfag og namn/tal på programfag til val er ikkje fastsette)

Programfag	Programfageiningar	Timar
Felles programfag		
	Medium og kommunikasjon	140
Valfrie programfag spesielt utarbeidde for Vg3 medium og kommunikasjon		
	Fordjuping i medium og kommunikasjon	140
	Fordjuping i medium og kommunikasjon	140
	Fordjuping i medium og kommunikasjon	140